

Lars Nyre. 28. august 2014.

Kursleiar evaluering av INFOMEVI 270: "Bacheloroppgåve i nye medier"

Våren 2014 vart INFOMEVI270 halde med ekstern praksis i tre bergenske verksemdar, for tredje gong på rad. Årets kull besto av 8 studentar som vart delt i grupper på tre, tre og to. Studentane skulle laga eit komplett informasjons- eller mediedesign. Studentane klarte, etter mykje hardt arbeid, å levera fullt fungerande prototypar på sine design til fristen 31. mai. Etter kursleiar vurdering tilfredsstillende alle tre prosjekta våre krav om innovasjon og nyskaping i studentoppgåver, og kurset vart i all hovudsak gjennomført på ein vellukka måte denne våren. INFOMEVI270 har fått mykje positiv respons i løpet av dei tre åra det har vore praksisbasert. MediArena laga ei positiv nyheitssak: <http://www.mediarena.no/studentprosjekter-hos-bergenske-mediebedrifter/>, og UiB skreiv denne saka: <http://www.uib.no/aktuelt/79242/slik-skal-dei-redda-journalistikken>. Det er lett å merka kor instrumentelt nyttige studentane er for bedriftene. Dei er fersk, lærevillig og formbar arbeidskraft, og denne verdien er stabilt høg og vil gjera våre studentar attraktive nesten uansett kva me lærer dei. Dette er også den verdien Universitetet har mest behov for å "selja" til bransjen.

Her går eg gjennom det eg oppfattar som viktigast å vera klar over når det gjeld framtidig drift av kurset, til dømes med ein annan kursleiar enn Lars Nyre. Det er naturleg at dette viktige kurset vert drifta av den fagleg ansvarlege for bachelorgraden.

[Sjå også studentevalueringar nederst].

Ekstern praksis

I januar vart dei tre gruppene sett i kontakt med sine oppdragsgivarar eller samarbeidspartnarar. Kursleiar Lars Nyre hadde laga avtale med tre verksemdar 1) Bergens Tidende, med Tove Knutsen som ansvarleg, 2) MobileTech, med Christer Erichsen i spissen, og 3) BSTV - Bergen Student-TV, med redaktør Regine Olsen. Både BT og MobileTech var veldig profesjonelle, og studentane fekk god oppfølging undervegs. Dei studentane som var utplassert i Student-TV hadde ei meir frustrerende oppleving, og i framtida bør kursleiar ikkje velja ut partnerar som er dugnadsbaserte.

Dei tre utviklingsprosjekta

Studentane hadde fyrst praksis i ca. ein månad, og gjekk så igang med målretta utvikling av sitt originale prosjekt. Dette var ein krevjande prosess med mykje fram og tilbake. Den resulterte i dei tre følgjande prosjekta:

1. Redesign av Bergenpuls som ein Android-applikasjon med reinare grafisk design, nye sosiale funksjonar og ny betalingsløyving. Utvikla i samarbeid med MobileTech, og Bergens Tidende som kunde.
2. Mobil webportal for live og innspelt video, basert på Wordpress. Systemet er meint for studentmedier. Utvikla i samarbeid med Bergen Student-TV.
3. System for innsending, behandling og publisering av lesarbilde. Systemet er tilpassa for direkte innsending frå mobil, og er meint for nettaviser. Utvikla i samarbeid med Bergens Tidende.

Når det gjeld opplæring i programmering og design, så følgte Eirik Stavelin studentane tett opp i byrjinga. Han hjalp til med spørsmål om serverplass, programspråk, og allslags konkrete utfordringar innafor programmering. Studentane lærer seg også nye programspråk og

rutinar ved å bruka web-tutorials og snakka med andre. Dette fungerer bra, og Stavelin bør ha same funksjon i 2015, helst gjennom heile semesteret. I år fekk studentane lite oppfølging i april og mai fordi Stavelin skulle disputera, men det var ei tilfeldigheit akkurat i år.

Forelesingar/retteiing

I januar og februar hadde Nyre forelesingar der eg introduserte kurset, og me gjekk gjennom dei enkelte prosjekta. Nyre hadde ei forelesingsrekke knytta til metoden "Mediedesign", og hadde også gjesteforelesingar frå forskar Anders Fagerjord og medieprodusent Cecilie Stranger-Thorsen. I år var det ei skarpere framstilling av pensum enn tidlegare, og det viste igjen i arbeidet med semesteroppgåvene. Her var det fokus på metodar for brukarstudier, utvikling og samarbeid, interaksjonsdesign, etc., og studentane sette det heile inn i sin konkrete samanheng.

Våren 2015 bør kurset vidareførast i samme form som no, men med nokre finstemte justeringar. Det bør vera ein workshop tidleg i januar, der alle prosjekta vert "kick-starta". Dette har me tenkt på, og det er sett av VRI-midlar til ein workshop med Joao Ribeiro frå MobileTech i januar. Då handlar det om lean, business model canvassing, og SCRUM. Dette kjem i tillegg til bidraga frå Anders Fagerjord og Cecilie Stranger-Thorsen, som eg gjerne vil beholda.

Eksamen

Våren 2014 var det åtte kandidatar. Ingen falt frå etter semesterstart. Alle åtte fekk B av ein komité som besto av Gunnar Liestøl og Lars Nyre.

Eksamen har ei firedelt inndeling, med bestått praksis, felles produksjon og felles rapport (tilsaman 50 %), og ein individuell fagleg analyse som kan forholde seg friare til sjølve produksjonen (50 %). Dette fungerte godt, og bør vidareførast neste år.

Framlegg til praksispartnerar neste år

Instituttet bør tenkja strategisk på sin "portefølje" av samarbeidspartnerar, og våren 2015 bør me forholde oss til nokon som er partnerar i MediaCity, og nokon som er small and medium sized enterprises (SME) i Bergen.

1. Bergens Tidende, ved Tove Knudsen. Veldig profesjonelle, bør vidareførast med tanke på Media City Bergen. Her er det mange forskjellige muligheiter, og det fungerer best hvis Tove bestemmer prosjektet i samråd med studentane.
2. MobileTech, ved Christian Erichsen. Veldig profesjonelle, bør vidareførast, og me har fått VRI-midlar til å kultivera samarbeidet vidare. Eit SCRUM og lean-basert prosjekt i pakt med pensum.
3. Hubii, ved CEO Jacobo Toll-Messia.. Spannande firma som driv med algoritmar for søking etter lokasjon, kan vera ei fagleg sterk partner på programmering. Gjerne eit samarbeid med PediaCloud-prosjektet her på instiuttet, leia av Bjørnar Tessem.
4. NRK Hordaland, ved Berit Moldskred. Eit opplysningsprosjekt med bruk av lyd og video på mobil for å formidla biologisk informasjon. Eit samarbeid med Biologisk institutt ved professor Karin Pittman. Ein "biolokasjonsapp" for Bergensområdet.
5. *Andre muligheitar for SMEs*: Raudrev.no, ved designer Tor Gjøsæter. , Henchman & Goon, ved CEO Bjarte Sebastian Hansen., Turbotapegames.com ved CEO Fredrik Sundt Breien.

Vedlegg 1: Studentevalueringar.

1. Fikk du tilstrekkelig informasjon om emne, undervisning, innleveringer og endringer i løpet av semesteret?

X: Litt varierende informasjon i dokumenter på min side med tanke på innleveringsmetode av utkast samt lengde på skriftlig oppgave.

Y: Ja, men det var veldig mange endringer.

2. Hva synes du om forelesningene (mediedesign, felles gjennomganger, visning)? Hva vil du trekke fram som bra? Hva kan etter din mening forbedres?

X: Gjerne mer fokus på forskjellige utviklingsmetoder i begynnelsen av semesteret. Scrum, lean, fossefall, interaksjonsdesign, mediedesigna, samt vektlegge brukertesting mer. Få guppene til å velge utviklingsmetode og få erfaring med dette. Noe jeg ser arbeidsgivere etterspør. Forelesningene var litt langtekkelige da temaet gjerne ble snakket opp, og man gjerne da mister konsentrasjonen. Om forelesningene skal være obligatoriske må dette komme klart frem i begynnelsen, og ikke trues med i etterkant.

Y: Unødvendige og overflødige. Emnene var enten blitt gått i gjennom i andre fag eller dekket stoff som jeg ikke fikk bruk for. Syns heller ikke det var nødvendig å ta opp akkurat samme tema som i pensum, da pensum ikke var så tungvint.

3. Hva synes du om pensum? Er det typer av faglitteratur du gjerne kunne tenkt deg mer/mindre av? Begrunn.

X: Hva som blir relevant i oppgaven kommer an på temaet og kan variere veldig. Det beste kan være å gi studentene gode bøker på utviklingsmetoder, samt gi tidligere individuell veiledning slik at hver får tips til lesestoff og dermed kan få startet på lesingen tidligere.

Y: Likte at pensum fra faget Interaksjonsdesign kom igjen, dette er det eneste som har gått igjen i løpet av hele graden.

4. Hva synes du om samarbeidet med "oppdragsgiver"? Fungerte praksisopplegget tilfredsstillende? Hva kan forbedres?

X: Samarbeidet for vår del var mer en slags veiledning og tips til utviklingen. Savner en slik opplæring som gruppen som var hos Mobiletech fikk. De sitter igjen med mye god kunnskap og erfaring. Ellers har jeg bare gode opplevelser.

Y: Fantastisk! Det er det mest lærerike, inspirerende og gøyeste jeg har vært med på i løpet av graden. For vår gruppe var det nok utslagsgivende at oppdragsgiver var svært aktive og interesserte i å gi oss opplæring innen metoder og teori. Jeg har absolutt ingenting å utsette på praksisopplegget.

5. Hva synes du om opplæringen i programmering?

X: Det har ikke vært noen opplæring i programmering dette semesteret, vi har brukt det vi har kunnet fra før av. Samtidig hadde vi mye god hjelp i Eirik Stavelin. Og google. Med tanke på utviklingen er det viktig at alle gruppene har noen som kan ta seg av backend og frontend. Dette fungerte veldig bra i vår gruppe, men det er viktig at studentene tenker på dette med gruppeinndeling.

Y: Dette har jeg slitt mest med i løpet av graden, og skulle ønske det var enda mer basic fra starten av. Evt. en oppdeling, slik at en kunne velge mellom eksempelvis programmering og webdesign ganske tidlig i graden.

6. Hva synes du om veiledningen på de individuelle oppgavene? Bør innretningen på oppgavene endres, eller fungerte det tilfredsstillende?

X: Fornøyd med veiledningen, kan gjerne starte enda tidligere på de individuelle oppgavene. Kanskje folk har et tema relatert til utviklingsprosjektet dei finner interssant og kan begynne å gjere research til allerede i februar.

Y: Dette fungerte svært tilfredsstillende.

7. Hva synes du om eksamenskravene? Er de passende i forhold til at dette er et kurs på 30 studiepoeng?

X: Passelig med arbeid. Skulle selvfølgelig gjerne utvikle et ferdig produkt. Trur at dersom en kan utvikle noe som blir tatt i bruk, så kan det skape motivasjon for studentene og bra omtale for studiet og uib i etterkant.

Y: Ja, ingenting å utsette.

8. Helt til slutt: Gi en samlet vurdering av kurset. Kurset er under kontinuerlig utvikling, og din erfaring er svært verdifull. TAKK FOR HJELPEN!

X: Et veldig kjekt semester!

Y: Det kjekkeste og mest lærerike kurset jeg har hatt ved UiB, mye pga praksisoppholdet og den "åpne" eksamensformen. Oppgaven hadde nok retningslinjer og rammer til at en kunne jobbe relativt fritt og tilrettelegge oppgaven og tema til egne ferdigheter. Syns det fungerte fint med hyppige innleveringer på utkast.